
RAPPORT

OPPDRAKSGIVER

Austrheim kommune

EMNE

Kommuneplan for Austrheim kommune
Konsekvensutgreiing og ROS-analyse

DATO / REVISJON: 30. november 2017 / 01

DOKUMENTKODE: 617441-PLAN-RAP-001



Multiconsult

Kommuneplan for Austrheim
Konsekvensutgreiing og ROS-analyse

Denne rapporten er utarbeidet av Multiconsult i egen regi eller på oppdrag fra kunde. Kundens rettigheter til rapporten er regulert i oppdragsavtalen. Hvis kunden i samsvar med oppdragsavtalen gir tredjepart tilgang til rapporten, har ikke tredjepart andre eller større rettigheter enn det han kan utlede fra kunden. Multiconsult har intet ansvar dersom rapporten eller deler av denne brukes til andre formål, på annen måte eller av andre enn det Multiconsult skriftlig har avtalt eller samtykket til. Deler av rapportens innhold er i tillegg beskyttet av opphavsrett. Kopiering, distribusjon, endring, bearbeidelse eller annen bruk av rapporten kan ikke skje uten avtale med Multiconsult eller eventuell annen opphavsrettshaver.

Innleiing.....	2
Konsekvensutgreiing og ROS-analyse	2
Metode for konsekvensutgreiing (KU).....	2
Metode for risiko- og sårbarheitsanalyse (ROS).....	3
Akseptkriteria	4
Risikovurdering.....	5
Avbøtande risikoreducerande tiltak	5
Tilråding og konklusjon	6
Kjelder:.....	6
KU – AREALINNSPEL/TILTAK NR: 110 SÆVRØYNA	7
KU – AREALINNSPEL/TILTAK NR: 111 FØRLANDSVÅGEN	11
KU – AREALINNSPEL/TILTAK NR: 112 LERØYNA.....	14
KU – AREALINNSPEL/TILTAK NR: 113 TOFTEGÅRD	18
KU – AREALINNSPEL/TILTAK NR: 114 MASTREVIK	22
KU – AREALINNSPEL/TILTAK NR: 115 UTKILEN	26
KU – AREALINNSPEL/TILTAK NR: 116 BERGSVIKA.....	30
KU – AREALINNSPEL/TILTAK NR: 117 KROSSØY.....	34
KU – AREALINNSPEL/TILTAK NR: 118 AUSTRSHEIMVÅGEN	38
KU – AREALINNSPEL/TILTAK NR: 119 TOFTEGÅRD	41
KU – AREALINNSPEL/TILTAK NR: 120 ØKSNESMARKA	45
KU – AREALINNSPEL/TILTAK NR: 121 LEIRVÅGEN.....	49
KU – AREALINNSPEL/TILTAK NR: 122 UTKILEN / STORHAUGEN.....	53
KU – AREALINNSPEL/TILTAK NR: 123 BUDALEN	56
KU – AREALINNSPEL/TILTAK NR: 124 NJØTA.....	59
KU – AREALINNSPEL/TILTAK NR: 125 BREIVIK/ÅRÅSVÅGEN	61
KU – AREALINNSPEL/TILTAK NR: 126 VED JIBBERSHOLMANE.....	65
KU – AREALINNSPEL/TILTAK NR: 127 ALT. 1 BØRILDSOSEN.....	69
KU – AREALINNSPEL/TILTAK NR: 127 ALT. 2 BØRILDSOSEN	73
KU – AREALINNSPEL/TILTAK NR: 128 ALLERSHOLMEN	77
KU – AREALINNSPEL/TILTAK NR: 129 SENOKSEN.....	81
KU – AREALINNSPEL/TILTAK NR: 130 TRØVIKA, SÆVERØYNA.....	85
KU – AREALINNSPEL/TILTAK NR: 131 HUNDVÅKFLUA	89

Innleiing

Austrheim kommune har hatt nytt framlegg til kommuneplanen sin arealdel ute på høyring med merknadsfrist 1. juli 2016. Det kom inn 29 private merknadar og 6 merknadar frå offentlege instansar. Det er og nokre nye arealformål som har kome til via vanleg saksgang i kommunen. Nye innspel og merknadar som kan føre til endringar i kartet er skildra og vurdert i dette notatet. Endringane er konsekvensutgreidd (KU) og det er gjort ein overordna Risiko- og sårbarheitsanalyse (ROS). Det er nytta same metode og oppsett som i KU og ROS av planforslaget som var lagt ut til offentleg ettersyn. Arbeidet er gjort av Multiconsult i samarbeid med Austrheim kommune. Illustrasjonane syner omsøkt endring. Areal er revidert/tilrådd storleik.

Konsekvensutgreiing og ROS-analyse

Dette dokumentet inneheld vurdering og skildring av dei einskilde områda for framtidig utbygging med omsyn til verknadar for miljø og samfunn, jf. plan- og bygningslova (pbl) § 4-2 andre avsnitt. Vidare er det for kvart område laga ein risiko- og sårbarheitsanalyse jf. pbl. § 4-3.

Metode for konsekvensutgreiing (KU)

I arbeidet med KU for nye endringsframlegg er det nytta same metode som i KU notatet som var på offentleg ettersyn.

For kvart område er det gjort ei vurdering av kor verdifullt området er for dei einskilde tema. Vidare er konsekvensane av den føreslegne arealbruken vurdert. Følgjande tema er vurdert:

- Landskap
- Friluftsliv
- Naturmangfald
- Landbruk
- Helse
- Kulturminne og kulturmiljø
- Risiko og sårbarheit
- Miljø og klima
- Born og unge
- Strandsone
- Samfunnsmessige tilhøve

For kvart geografiske område er dei 11 temaene rangert på ein skala med 3 verdiar;

- Stor
- Middels
- Liten

Kolonna «Verdi» skildrar dagens situasjon, mens kolonnane «Påverknad», «Konsekvens» og «Tal» skildrar den føreslåtte endringa/tiltaket. Merknadsfeltet forklarar verdisettinga nærare.

Verdi skildrar området sin verdi slik det er i dag i høve dei einskilde tema.

Påverknad skildrar storleik og omfang av tiltaket i høve temaet og omgjevnadane.

Konsekvens skildrar kor mykje tiltaket endrar staden eller bruken i høve temaet. Om endringa vert stor, middels eller liten.

Talet sumerar opp tiltaket sin positive eller negative karakter (konsekvens). Det er nytta ein 5 delt skala (-2, -1, 0, 1, 2). Til slutt i kvar tabell med konsekvensvurdering er det gjort ein matematisk sumering av tala. Det gir ein indikasjon på graden av positiv eller negativ konsekvens av vurdert arealformål, men i tilråding og konklusjon vert det tatt ei sjølvstendig vurdering av tiltaket sin totale verknad for miljø og samfunn, samt og risiko- og sårbarheit.


Endringane vert drøfta og vurdert i ein tabellen med oppbygging som vist under.

Tema:	Verdi:	Påverknad:	Konsekvens:	Tal +/-	Merknad:
	Gradering	Gradering	Gradering	Talverdi	Forklarande tekst
	Gradering	Gradering	Gradering	Talverdi	Forklarande tekst

Metode for risiko- og sårbarheitsanalyse (ROS)

ROS-analysen skal avdekka aktuelle farar innanfor planområdet samt farar i omgjevnadane som kan ha verknad for planområdet og vice versa. I kommuneplanen sin arealdel vert dette gjort på eit overordna nivå.

Risiko- og sårbarheitsanalysen gjennomførast i følgjande trinn:



Det er vurdert fem farekategoriar for kvart område med planar for utbygging. Berre farekategoriar som vert rekna som aktuelle for det einkilde byggeområde vert skildra.

- Brann
- Trafikk/tilkomst
- Alvorleg akutt sjukdom
- Havnivåstigning/Klima
- Universell utforming

Akseptkriteria

Kommunestyret gjorde 21.05.2013 vedtak om akseptkriteria som skal nyttast i ROS analyser i kommunen.

Sannsyn

Sannsynet angir kor ofte ei hending kan forventast å inntreffe (frekvens).

Omgrep	Frekvens
Usannsynleg	Mindre enn ein gong kvart 500. år
Lite sannsynleg	Mellom ein gong kvart 50. år og ein gong kvart 500. år.
Mindre sannsynleg	Mellom ein gong kvart 10. år og ein gong kvart 50. år.
Sannsynleg	Mellom ein gong kvart år og ein gong kvart 10. år.
Særs sannsynleg	Meir enn ein gong kvart år.

Konsekvens

Omfanget av skadar som samfunnet blir påført av ei hending.

Omgrep	Liv og helse (L)	Miljø (M)	Økonomiske verdiar (Ø)	Drift (D)
Ufarleg	Ingen personskadar	Ingen miljøskadar	Skadar opp til kr 50.000	Systema vert midlertidig satt ut av drift. Ingen direkte skade, berre mindre forseinkingar. Ikkje naudsynt med reservesystem.
Ein viss fare	Få og små personskadar	Mindre miljøskadar	Skadar frå kr 50.000 til kr 0,5 mill.	Systema vert midlertidig satt ut av drift. Ingen direkte skade, kunn mindre forseinkingar. Ikkje naudsynt med reservesystem.
Farleg	Få men alvorlege personskadar. Dødsfall kan førekoma	Omfattande skadar på miljøet	Skadar frå kr 0,5 mill. til kr 5 mill.	Driftsstans i fleire døgn
Kritisk	Opp til 5 døde. Opp til 10 alvorlig skadde;/sjuke. Opp til 50 evakuerte	Alvorlege skadar på miljøet	Skadar frå kr 5 mill. til kr 50 mill.	Systema vert satt ut av drift over lengre tid. Andre avhengige system rammes midlertidig

Katastrofalt	Over 5 døde Over 10 alvorlig skadde/sjuka Over 50 evakuerte	Svært alvorlege og langvarige skadar på miljøet	Skadar over kr 50 mill.	Hovud- og avhengige system vert permanent satt ut av drift
--------------	---	---	-------------------------	--

Risikovurdering

Eit risiko- og sårbarheitsbilete er definert som produktet av sannsyn - kor ofte ei uønskt hending er forventa å inntreffe, og konsekvens - kor alvorlege konsekvensar hendinga kan medføre.

Forenkla summert opp;



Det er vanskeleg å fastslå frekvens og konsekvens av ei hending. Ved å anslå sannsyn og konsekvens vil ein få synleggjort snittal for potensielle hendingar over tid. Dermed kan det inntreffe fleire eller færre hendingar i eit gitt tidsperspektiv enn anslått i ROS- analysen.

Kombinasjonen av sannsyn og mogleg konsekvens er til slutt plotta i denne risikomatrissa:

	Ufarleg	Ein viss fare	Farleg	Kritisk	Katastrofalt
Svært sannsynleg					
Sannsynleg					
Mindre sannsynleg					
Lite sannsynleg					
Usannsynleg					

Fargekodane/sonene i matrissa er eit uttrykk for om risikoen er akseptabel eller ikkje. Det er nytta ei tredeling:

Hendingar i raude felt	Tiltak naudsynt
Hendingar i gule felt	Tiltak vurderast ut frå kostnad/nytte
Hendingar i grønne felt	Tiltak ikkje naudsynt, men skal vurderast

Avbøtande risikoreducerande tiltak

For dei aktuelle hendingane er det sett på moglege tiltak som kan redusere sannsynet eller konsekvensane av dei uynska hendingane.

Tilråding og konklusjon

For kvart område vert positive og negative konsekvensar summert opp og det vert konkludert om framlegget til arealformål har positiv verknad for miljø og samfunn og akseptabel risiko og sårbarheit.

Kjelder:

Merknadar og innspel til kommuneplanen

Kommunen sin handsaming av merknadar og innspel til kommuneplanen

Kartlegging og verdsetting av friluftsområde 2015-2016, datert 26. mai 2016 med kartvedlegg, utført av Austrheim kommune. (Verdsetting i A (svært viktig), B (viktig) og C (registrert friluftsområde))

Naturbase.no. Miljødirektoratet.

Kystinfo.no. Kystverket.

Arealressurskart, AR5 kart frå NIBIO

Askeladden.no. Riksantikvaren

Nordhordalandskart. Kart og flyfoto



NAF, ruteplanlegger

Kommuneplanen si arealdel 2006-2017 Dokumentar frå BRAplan



Kommuneplanen si arealdel 2015-2027 Dokumentar frå BRAplan

Tilleggsinformasjon om Øksnesmarka, frå Naturvernforbundet i Nordhordaland, motteke via Austrheim kommune

KU – AREALINNSPEL/TILTAK NR: 110 SÆVRØYNA

Lokalisering:	Sævrøyna (nordøst)	Gnr/Bnr:	166/10	Areal:	2 daa naust 2,7 daa småbåthamn
Noverande arealføremål:	LNF spreidd Bustad				
Forslag nytt arealføremål:	Naustformål og småbåthamn (LNF spreidd, SB24, i høyringsframlegget) (Innspeil 1)				
Områdeskildring :	Kartutsnitt: Gjeldande kommuneplan og faktisk situasjon				
<p><i>Gjeld fortetting av eksisterande naust og kaiformål og småbåtplassar. Delar av arealet er planert. Restar av ein tangfabrikk.</i></p>					

Tema:	Verdi:	Påverknad:	Konsekvens:	Tal +/-	Merknad:
Landskap	Liten	Middels	Middels	1	Lite igjen av naturleg landskap. Stort sett bearbeida til kai og naust. Føreslått arealbruk i samsvar med dagens bruk. Fleire naust vil kunne dempe landskapsinntrykket av det planerte arealet.
Friluftsliv	Liten	Liten	Liten	0	Arealet er privatisert og nytta til kai og naust. Endringa vil ikkje påverke fritidsbåttrafikken.
Natur mangfald	Liten	Liten	Liten	0	Arealet er i all hovudsak sprengd ned. Med i ytre sjøområda i kommunen som er stort sett registrert som Større kamskelområde. Det er ikkje rom for mange fleire båtar og trafikken vil ikkje forverre forholda for kamskjela.

Landbruk	Liten	Liten	Liten	0	 <p>Arealet er nytta til kai og naust i dag. Skråninga i vest er Uproduktiv skog.</p>
Helse	Liten	Liten	Middels	1	I samsvar med dagens bruk. Auka bruk kan gje fleire tilgang til rekreasjon på sjøen.
Kulturminne og kulturmiljø	Liten	Liten	Liten	0	Ingen registrerte kulturminne eller SEFRAK registreringar innanfor arealet
Risiko og sårbarheit	Liten	Liten	Middels	0	Auka båttrafikk vil kunne gje auka risiko for ulukker og utslepp, men det er ikkje rom for vesentleg auke av båtplassar innanfor arealet. God tilkomst
Miljø og klima		Middels	Middels	-1	Havnivåstigninga vil gje nye utfordringar
Born og unge	Middels	Liten	Middels	1	Betre tilgang til sjø vil verte positivt for born og unge som har tilknytting/tilgang til staden.
Strandsone	Middels	Middels	Middels	-1	 <p>Strandsona er tilgjengeleg i dag sjølv om arealet har kaiar og bygg. Meir aktivitet og fleire bygg vil kunne auke kjensla av privatisering.</p>
Samfunns messige tilhøve	Middels	Middels	Middels	1	Opprusting av området. Betre tilgang til sjø for fleire.
SUM				2	

ROS – Analyse:

Tema/Fareområde/analyseobjekt Skildring av uønska hending/fare Konsekvens	Utløysande årsak til hending. Evt. kombinasjon av fleire	Merknad, kommentar Utfyllande opplysningar
1. Brann	Båtbrann eller brann i naust. Kan spreie seg til skogen og andre bygg.	Oppbevaring av brannfarlege væsker. Skog tett på nausta i vest. Ca 10km frå brannvesen.
2. Trafikk/tilkomst	Trafikkulukke	Smal tilkomstveg utan fortau. Nokre bustader og hytter i enden av vegen.
3. Alvorleg akutt sjukdom	Hjartestopp/slag/drukning	Utrykking. Ca 10km frå lege og ambulanse.
4. Havnivåstigning/Klima	Ekstremvær/vind/havnivå	Sjønært areal og aktivitet. Vil ikkje auke faren for omgjevnadane.
5. Universell utforming	Flatt terreng	Bra

Vurdering av risiko som produkt av sannsyn og konsekvens

L	Markering av konsekvensar for liv og helse
M	Markering av konsekvensar for miljø
Ø	Markering av konsekvensar for økonomiske verdiar
D	Markering av konsekvensar for drift

ROS-Matrise

	Ufarleg	Ein viss fare	Farleg	kritisk	Katastrofalt
Svært sannsynleg					
Sannsynleg		1L, 1M, 3L, 3Ø	1Ø		
Mindre sannsynleg	2M	2L, 2Ø, 4M, 4Ø			
Lite sannsynleg					
Usannsynleg	1D, 2D, 3D, 4L, 4D, 5L, 5M, 5Ø, 5D				

Avbøtande risikoreducerande tiltak evt. vidare utgreiing:

Tiltak nr:	Skildring av tiltak og eller utgreiing
1.	Sikring av brannfarlege væsker og avskoging i vest vil hindre skogbrann og spreiding av eld.
2.	Lav fart på veg
3.	Sikra reglar for byggehøgde over havet. Naust må byggast robust for høg vasstand.

Tilråding:

Positive konsekvensar	Revitalisering og fortetting av eksisterande naustmiljø og planert kaiområde. Opprydding og nybygging vil betre opplevinga av området både frå land og frå sjøen. Fleire naust og båtplassar vil vere positivt for dei som bur eller har hytte i området.
Negative konsekvensar	Ei utviding sørover mot vika er ikkje tilrådd. Auka utnytting til naust og båtføremål vil kunne vera i konflikt med område for badande sør for omsøkt areal.



Konklusjon:

Området er i kommuneplan for 2006 disponert til LNF spreidd, bustad. Arealet har i dag fleire naust, kaiar og flytebrygger og er for ein stor del planert. Innspelet gjeld naustformål og småbåthamn.

Kommunen ser fortetting av naust- og småbåtmiljøet som positivt for lokalsamfunnet og som ein oppgradering av eit planert areal og rester etter gamal industri. Sjøareala på framsida av naustformålet bør settast av til småbåthamn for å gje høve til flytebrygger og utstikkarar for å betre tilgjenge til sjøen og sikkerheita ved båtlending.

Området tilrås avgrensast i sør og naustområdet bør difor ikkje gå heilt til sjøen i søraust og småbåthamnformålet bør stoppe ved dagens kai.

KU – AREALINNSPEL/TILTAK NR: 111 FØRLANDSVÅGEN

Lokalisering :	Førlandsvågen	Gnr/Bnr:	151/4	Areal:	1,8 daa naust 2,8 daa småbåthamn
Noverande arealføremål: Forslag nytt arealføremål: Områdeskildring: <i>Gjeld fortetting av eksisterande naust og kaiformål og småbåtplassar. Eksisterande veg og parkeringsplassar.</i>	LNF				
	Naustformål og småbåthamn				
	Innspeil nr 2				
	Kartutsnitt: Gjeldande kommuneplan og faktisk situasjon				
					

Tema:	Verdi:	Påverknad:	Konsekvens:	Tal +/-	Merknad:
Landskap	Middels	Middels	Middels	-1	Punktvis bearbeida landskap til naust og naustformål. Naturleg landskap mellom som vil kunne verte endra ved bygging av fleire naust.
Friluftsliv	Middels	Liten	Middels	0	Førlandsvågen er registrert som friluftsområde, men utan spesiell verdi. Området gjev tilgjenge til sjøen frå land via privat veg, men er prega og privatisert av bustad og naust. Endringa vil ikkje påverke fritidsbåtferdselen.
Natur mangfald	Liten	Liten	Liten	0	Ingen registrerte sårbare artar, utvalte naturtypar eller landskap
Landbruk	Liten	Liten	Liten	0	 Open jorddekt fastmark

Helse	Middels	Liten	Liten	1	Tilgjenge til sjø, men privatisert. Endringa vil ikkje forverre situasjonen
Kulturminne og kulturmiljø	Liten	Liten	Liten	0	Det er steinalderbuplassar innerst i Førlandsvågen, men dei er fleire hundre meter unna og vil ikkje verte påverka av naustområdet. Det er ikkje SEFRAK registrerte bygg i området.
Risiko og sårbarheit	Liten	Liten	Middels	0	Auka båttrafikk og tilgjenge vil kunne gje auka risiko for ulukker og utslepp, men det er ikkje rom for vesentleg auke av båt plassar innanfor arealet. God tilkomst og slakt terreng.
Miljø og klima		Middels	Middels	-1	Havnivåstigninga vil gje nye utfordringare
Born og unge	Liten	Liten	Middels	1	Betre tilgang til sjø vil verte positivt for born og unge som har tilknytting/tilgang til staden. Ikkje badeområde.
Strandsone	Middels	Liten	Middels	-1	Strandsona er til gjengeleg i dag sjølv om arealet har nokre naust. Meir aktivitet og fleire bygg vil kunne auke kjensla av privatisering
Samfunns messige tilhøve	Liten	Liten	Middels	1	Betre tilgang til sjø for fleire.
SUM				0	

ROS – Analyse:

Tema/Fareområde/analyseobjekt Skildring av uønska hending/fare Konsekvens	Utløysande årsak til hending. Evt. kombinasjon av fleire	Merknad, kommentar Utfyllande opplysningar
1. Brann	Båtbrann eller brann i naust.	Oppbevaring av brannfarlege væsker. 6 km frå brannvesen
2. Trafikk/tilkomst	Trafikkulukke	Smal tilkomstveg utan fortau.
3. Alvorleg akutt sjukdom	Hjartestopp/slag/drukning	Utrykking. 6km frå lege og ambulanse
4. Havnivåstigning/Klima	Ekstremvær/vind/havnivå	Sjønært areal og aktivitet. Vil ikkje auke faren for omgjevnadane.
5. Universell utforming	Flatt	Bra

Vurdering av risiko som produkt av sannsyn og konsekvens

L	Markering av konsekvensar for liv og helse
M	Markering av konsekvensar for miljø
Ø	Markering av konsekvensar for økonomiske verdiar
D	Markering av konsekvensar for drift

ROS-Matrise

	Ufarleg	Ein viss fare	Farleg	kritisk	Katastrofalt
Svært sannsynleg					
Sannsynleg	1M	1L, 3L, 3Ø	1Ø		
Mindre sannsynleg	2M	2L, 2Ø, 4M, 4Ø			
Lite sannsynleg					
Usannsynleg	1D, 2D, 3D, 4L, 4D, 5L, 5M, 5Ø, 5D				

Avbøtande risikoreduserande tiltak evt. vidare utgreiing:

Tiltak nr:	Skildring av tiltak og eller utgreiing
1.	Sikring av brannfarlege stoff
2.	Lav fart på veg. Ubetydeleg endring.
3.	Nær lege og ambulanse
4.	Sikra reglar for byggehøgde over havet. Naust må byggast robust for høg vasstand.

Tilråding:

Positive konsekvensar	Revitalisering og fortetting av eksisterande naustmiljø. Fleire naust og båtplassar vil vere positivt for dei som bur eller har hytte i området.
Negative konsekvensar	Naturleg terreng mellom dagens naust vil verte nedbygd. Privatiseringa av området vil kunne auke.


Konklusjon:


Området er i kommuneplan for 2006 disponert til LNF. Arealet har i dag nokre naust og brygger. Det er vegtilkomst og parkering i dag. Innspelet gjeld naustformål og småbåthamn.

Kommunen ser fortetting av naust- og småbåtmiljøet som positivt for lokalsamfunnet. Sjøareala på framsida av naustformålet bør settast av til småbåthamn for å gje høve til flytebrygger og utstikkarar for å betre tilgjenge til sjøen og sikkerheita ved båtlanding.

KU – AREALINNSPEL/TILTAK NR: 112 LERØYNA

Lokalisering:	Lerøyna	Gnr/Bnr:	158/1	Areal:	15,6 daa
Noverande arealføremål: Forslag nytt arealføremål: Områdeskildring: <i>Endring frå LNF til LNF spreidd.</i> <i>Området består av ope beiteområde og noko innmark.</i>	LNF				
	LNF – spreidd Bustad Innspel 4				
	Kartutsnitt: Gjeldande kommuneplan og faktisk situasjon (skråfoto)				
					

Tema:	Verdi:	Påverknad:	Konsekvens:	Tal +/-	Merknad:
Landskap	Stor	Middels	Stor	-1	Det er registrert Naturbeitemark som viktig landskaps og naturtype i delar av området. Sjølv spreidd utbygging kan få stor innverknad på landskapet.
Friluftsliv	Middels	Liten	Middels	-1	Området er registrert som Viktig friluftsområde. Frå sjøen er området i dag skjerma. Spreidd utbygging ned mot sjøen vil påverke dette.
Natur mangfald	Stor	Stor	Middels	-1	 <p>Det er registrert Naturbeitemark som Viktig landskaps- og naturtype i området. Utbygging i området vil føre til arealbeslag, og redusere naturverdiane i området.</p>

Landbruk	Middels	Middels	Stor	-1	 <p>I AR5 er største delen av området klassifisert som innmarksbeite. (Gult) Noko er fulldyrka. (oransje) Utbygging i området kan få konsekvens for framtidig beitebruk.</p>
Helse		Liten	Liten	0	Lite nytta til turområde
Kulturminne og kulturmiljø	Liten	Liten	Liten	0	I ytre nordre del av området er det registrert to ruiner av torvhus. Elles ingen registrerte kulturminne her.
Risiko og sårbarheit		Liten	Middels	0	Eventuell vidare utbygging vil gje meir press på smale tilførselsveggar. Vil vere få hus.
Miljø og klima		Middels	Middels	0	Området kan vera utsett i høve til ekstremvær/vind. Men vil ikkje vera særleg meir utsett enn eksisterande bygnad.
Born og unge	Middels	Liten	Liten	0	Utbygging kan vera negativ for bruken av området til leik og friluftsliv på sjø. Tal nye bygg og avstand til sjø vil vere avgjerande.
Strandsone	Stor	Liten	Middels	-1	Utbygging i desse områda vil ha innverknad på strandsona og privatiseringa av denne. Dersom bygg ligg oppå kanten/hylla vil det redusere privatiseringa av strandsona. Vaulen er lite brukt pga grunn tilkomst.
Samfunns- messige tilhøve	Middels	Middels	Stor	2	Vegsystemet, vassforsyning og avlaup i området vil måtte vurderast om dette området skal opnast for bygging. Forbetringar vil komme heile Lerøyna til nytte. For vidare utvikling og busetnad på Lerøyna er det viktig med tilgang til nye bustadtomter.
SUM				-3	

ROS – Analyse:

Tema/Fareområde/analyseobjekt Skildring av uønska hending/fare Konsekvens	Utløysande årsak til hending. Evt. kombinasjon av fleire	Merknad, kommentar Utfyllande opplysningar
1. Brann	Brann i bustadhus	Nybygg har krav som betrar brannsikkerheita. 5km frå brannvesen.
2. Trafikk/tilkomst	Trafikkulukke	Smal tilkomstveg utan fortau. Ein del bustadar og hytter nyttar vegen.
3. Alvorleg akutt sjukdom	Hjartestopp/slag	Utrykking. 5km frå lege og ambulanse.
4. Havnivåstigning/Klima	Ekstremvær/vind	Vindutsett. Vil ikkje auke faren for omgjevnadane.
5. Universell utforming	Mogleg å bygge langs tilkomstveg og mellom kollar	Mogleg å oppnå gode UU-tilhøve

Vurdering av risiko som produkt av sannsyn og konsekvens

L	Markering av konsekvensar for liv og helse
M	Markering av konsekvensar for miljø
Ø	Markering av konsekvensar for økonomiske verdiar
D	Markering av konsekvensar for drift

ROS-Matrise

	Ufarleg	Ein viss fare	Farleg	kritisk	Katastrofalt
Svært sannsynleg					
Sannsynleg		2Ø, 3L, 3Ø			
Mindre sannsynleg	2M	2L, 4Ø			
Lite sannsynleg	1M		1L, 1Ø		
Usannsynleg	1D, 2D, 3D, 4L, 4M, 4D, 5L, 5M, 5Ø, 5D				

Avbøtande risikoreducerande tiltak evt. vidare utgreiing:

Tiltak nr:	Skildring av tiltak og eller utgreiing
1.	Opprusting av veg og vegkryss. Lav fart eller anlegging av fortau på veg.
2.	Sikre mobilnett/ internett. VA utbygging/ med sløkkevatn
3.	Sikra reglar for vindutsette bygg. Plassering i terreng for å minimera vindtrykket.

Tilråding:

Positive konsekvensar	Rom for å bygge fleire hus i eksisterande bygd gjer det mogleg å revitalisere og fortette. Evt. opprusting av infrastruktur.
Negative konsekvensar	Viktig landskaps- og naturtype vert truleg redusert eller forsvinn. Innskrenking av ope landskap med beitekvalitetar. Reduksjon av naturmangfald. Viktig friluftsområde vert påverka og privatiseringa av området vil kunne auke.

Konklusjon:

Området er i kommuneplan for 2006 disponert til LNF og grenser til avsett til LNF spreidd. Innspelet gjeld endring frå LNF til LNF spreidd.

Området har stor verdi som Landskaps- og naturtype med naturbeitemark som krev drift eller skjøtsel for å bevarast.


Store delar av dette området ligg i 100m beltet langs sjø, der det er ålment bygge og deleforbod. Området har store landskapsverdiar med sitt opne landskap ut mot sjøen. Det er viktige landbruksverdiar, som i naturbase også er klassifisert som viktig, i området. Spreidd utbygging vil kunne avgrense viktige landskap, naturverdiar og friluftsverdiar.

Kommunen ser fortetting av lokale bygder som positivt for lokalsamfunnet. Det bør setjast krav til opprusting av infrastruktur og krav til plassering av tomtar og bygg for å minimere påverknad av landskap, beitemark og privatisering i høve friluftsliv. Formålsgrrensa tilrås trekt inn på kanten/hylla slik at nybygg kjem eit stykke frå strandsona. Tal nye bustader bør ikkje overstige 3.

KU - AREALINNSPEL/TILTAK NR: 113 TOFTEGÅRD

Lokalisering:	Toftegård i Makrelvågen	Gnr/Bnr:	147/6	Areal:	1 daa naust 1,2 daa småbåthamn
Noverande arealføremål:	LNF				
Forslag nytt arealføremål:	Naustformål og veg				
Områdeskildring:	Innspel 5				
	Kartutsnitt: Gjeldande kommuneplan og faktisk situasjon				
<i>Gjeld fortetting av eksisterande naustområde og ny veg til desse.</i>					

Tema:	Verdi:	Påverknad:	Konsekvens:	Tal +/-	Merknad:
Landskap	Stor	Liten	Middels	-1	Skjerma innanfor holme. Punktvis bearbeida landskap til naust og naustformål. Naturleg landskap mellom som vil kunne verte endra ved bygging av fleire naust. Bratt skråning som er avskoga, landskapstilpassing av tilkomstveg vil verte utfordrande.
Friluftsliv	Middels	Liten	Liten	0	Ikkje registrert som friluftsområde. Holme skjermar for fritidsbåttrafikken. Bratt tilkomst (stiar) frå land til eksisterande naust og bryggjar.
Natur mangfald	Liten	Liten	Middels	-1	Ingen registrerte sårbare artar, utvalte naturtypar eller landskap. Med i ytre sjøområda i kommunen som er stort sett registrert som Større kamskjellområde. Sandbotn kan vere attraktiv kamskjellområde. Heile vågen er registrert som Kaste og låssettingsområde av Fiskarlaget Vest. Nausta og båt plassane i sundet

					vanskeleggjer kaste og låssetting her i dag.
Landbruk	Liten	Liten	Liten	0	 <p>Skog med middels bonitet, som for det meste er avskoga. Bratt og ikkje drivverdig arrondering.</p>
Helse	Liten	Middels	Middels	1	Ikkje tilgjengeleg for ålmenta frå land i dag. Aukar tilgjenge til sjøen.
Kulturminne og kulturmiljø	Liten	Liten	Liten	0	Ingen registrerte kulturminner eller SEFRAK registrerte bygg i området. Naustet sør for eigedomen er SEFRAK registrert.
Risiko og sårbarheit	Liten	Liten	Middels	1	Auka båttrafikk og tilgjenge vil kunne gje auka risiko for ulukker og utslepp, men det er ikkje rom for vesentleg auke av båtplassar innanfor arealet. Bratt terreng. Betre tilkomst vil gje tryggare tilkomst.
Miljø og klima		Middels	Middels	-1	Havnivåstigninga vil gje nye utfordringar
Born og unge	Liten	Liten	Middels	1	Bratt og privat tilgang til sjø frå land i dag. Betre tilgang til sjø vil verte positivt for born og unge som har tilknytting/tilgang til staden. Ikkje badeområde.
Strandsone	Liten	Middels	Middels	1	Bratt og lite tilgjengeleg strandsone, sjølv om arealet har nokre naust. Meir aktivitet og fleire bygg vil kunne auke kjensla av privatisering, men og gje fleire tilgang til sjøen. Tilgjenge frå sjøen berre via kaiar og brygger.
Samfunns messige tilhøve	Middels	Middels	Middels	1	Betre tilgang til sjø for nærområdet
SUM				1	

ROS – Analyse:

Tema/Fareområde/analyseobjekt Skildring av uønska hending/fare Konsekvens	Utløysande årsak til hending. Evt. kombinasjon av fleire	Merknad, kommentar Utfyllande opplysningar
1. Brann	Båtbrann eller brann i naust.	Oppbevaring av brannfarlege væsker. 3km til brannvesen.
2. Trafikk/tilkomst	Trafikkulukke	Smal tilkomstveg utan fortau. Ein del bustadar og hytter nyttar vegen.
3. Alvorleg akutt sjukdom	Hjartestopp/slag/drukning/fall	Utrykking. 3km til lege og ambulanse
4. Havnivåstigning/Klima	Ekstremvær/vind/havnivå	Sjønært areal og aktivitet. Vil ikkje auke faren for omgjevnadane.
5. Universell utforming	Bratt	Vanskeleg tilkomst utan tilrettelegging

Vurdering av risiko som produkt av sannsyn og konsekvens

L	Markering av konsekvensar for liv og helse
M	Markering av konsekvensar for miljø
Ø	Markering av konsekvensar for økonomiske verdiar
D	Markering av konsekvensar for drift

ROS-Matrise

	Ufarleg	Ein viss fare	Farleg	kritisk	Katastrofalt
Svært sannsynleg					
Sannsynleg	1M	1L, 3L, 3Ø	1Ø		
Mindre sannsynleg	2M	2L, 2Ø, 4M, 4Ø			
Lite sannsynleg					
Usannsynleg	1D, 2D, 3D, 4L, 4D, 5M	5L, 5Ø, 5D			

Avbøtande risikoreducerande tiltak evt. vidare utgreiing:

Tiltak nr:	Skildring av tiltak og eller utgreiing
1.	Sikring av brannfarlege stoff
2.	Lav fart på veg
3.	Sikra reglar for byggehøgde over havet. Naust må byggast robust for høg vasstand.
4.	Bygge veg til naustområde. Sikre skjeringar og bratte parti

Tilråding:

Positive konsekvensar	Revitalisering og fortetting av eksisterande. Fleire naust og båtplassar vil vere positivt for dei som bur eller har hytte i området. Betre tilgjenge frå land.
Negative konsekvensar	Naturleg terreng mellom dagens naust vil verte nedbygd. Privatiseringa av området vil kunne auke. Tilkomstveg vil krevje store landskapsinngrep i eksponert område mot sjø. Kasting og låssetting vil verte vanskeleg, dersom småbåthamn vert etablert.

Konklusjon:




Området er i kommuneplan for 2006 disponert til LNF og grenser til regulert bustadområde.

Arealet har i dag nokre naust og brygger. Det er bratt skråning ned til sjøen med etablerte stiar til eksisterande naust og brygger. Innspelet gjeld naustformål og veg.


Kommunen ser fortetting av naust- og småbåtmiljøet som positivt for lokalsamfunnet. utfordringa er å finne ein felles tilkomst og landskapstilpassing av naust og veg. Kaste og låssetting er truleg allereie hindra i sundet med dei naust og båtplassane som finst og tilhøva vil ikkje verte forverra av fleire naust og båtplasser.

Endringa tilrås gjort som reguleringsplan for å sikre god og trygg tilkomst til nausta utan for store terrenginngrep og at naust og tilkomst vert samla. Tal nye naust bør ikkje overstige 5. Det bør ikkje vere høve til flytebryggar og andre tiltak som kan hindre ferdsele mellom holmen og nausta.

KU - AREALINNSPEL/TILTAK NR: 114 MASTREVIK

Lokalisering:	Mastrevik	Gnr/Bnr:	142/124	Areal:	19,1 daa
Noverande arealføremål:	LNF spreidd og LNF				
Forslag nytt arealføremål:	Friområde				
Områdeskildring:	Innspel 6				
	Kartutsnitt: Gjeldande kommuneplan, framlegg til kommuneplan på høyring 2017 og faktisk situasjon (skråfoto sett frå nord)				
<i>Gjeld friområde til bading og friluftsliv</i>					
					

Tema:	Verdi:	Påverknad:	Konsekvens:	Tal +/-	Merknad:
Landskap	Stor	Liten	Liten	0	Urørt landskap med to viker. Kupert landskap med myrdrag som er utfordrande for eventuell bygging av tilkomstveg
Friluftsliv	Middels	Liten	Middels	2	Området har verdi C som friluftsområde. Stadvis bratt tilkomst både frå sjø og land. Fleire fine viker og bukter med tilgjenge frå sjø og land. Nokre berg og ein del myr.
Natur mangfald	Liten	Liten	Middels	-1	Ingen registrerte sårbare artar, utvalte naturtypar eller landskap. Drenering eller punktering av myr til veg eller parkering kan få negativ verknad.

Landbruk	Liten	Liten	Liten	0	 Myr og Open skrin fastmark.
Helse	Middels	Middels	Stor	2	Området berer lite preg av å vere brukt i dag sjølv om det ligg nær ganske tette utbygde område. Stort potensiale for betre tilgang og bruk frå land. Aukar tilgjenge til sjøen.
Kulturminne og kulturmiljø	Liten	Liten	Liten	0	Ingen registrerte kulturminner eller SEFRAK registrerte bygg i området.
Risiko og sårbarheit	Liten	Liten	Middels	-1	Betre tilkomst vil gje fleire tilgang til sjøen frå bustadområda tett på og det kan verte fleire badeulukker og drukningsulukker frå båt.
Miljø og klima		Lav	Middels	-1	Havnivåstigninga vil gje nye utfordringar. Eventuell drenering og punktering av myr vil frigje klimagassar.
Born og unge	Middels	Stor	Stor	2	Betre tilgang til sjø for bading og friluftsliv vil verte positivt for born og unge som har tilknytting/tilgang til staden.
Strandsone	Stor	Middels	Stor	1	Har i dag verdi som urørt strandline. Tilrettelegging vil betre tilgjenge til strandlina.
Samfunns messige tilhøve	Stor	Stor	Middels	2	Tilrettelegging vil auke tilgang for fleire brukarar av naturområda og gjev fleire høve til sjøliv.
SUM				6	

ROS – Analyse:

Tema/Fareområde/analyseobjekt Skildring av uønska hending/fare Konsekvens	Utløysande årsak til hending. Evt. kombinasjon av fleire	Merknad, kommentar Utfyllande opplysningar
1. Brann	Gress- og lynnbrann.	Grilling og bål. 1km til brannvesen
2. Trafikk/tilkomst	Trafikkulukke	Smale tilkomstvegar utan fortau. Mange bustadar og næringsbygg nyttar hovudvegen.
3. Alvorleg akutt sjukdom	Hjertestopp/slag/drukning/fall	Utrykking. 1km til lege og ambulanse
4. Havnivåstigning/Klima	Ekstremvær/vind/havnivå	Sjønært areal og aktivitet. Vil ikkje auke faren for omgjevnadane.
5. Universell utforming	Stadvis bratt og store myrar	Vanskeleg tilkomst utan tilrettelegging

Vurdering av risiko som produkt av sannsyn og konsekvens

L	Markering av konsekvensar for liv og helse
M	Markering av konsekvensar for miljø
Ø	Markering av konsekvensar for økonomiske verdiar
D	Markering av konsekvensar for drift

ROS-Matrise

	Ufarleg	Ein viss fare	Farleg	kritisk	Katastrofalt
Svært sannsynleg		2L, 2Ø, 3L			
Sannsynleg	1M, 2M	1L, 3Ø	1Ø		
Mindre sannsynleg		4M, 4Ø, 5L			
Lite sannsynleg	2D				
Usannsynleg	1D, 3D, 4L, 4D, 5M	5Ø, 5D			

Avbøtande risikoreducerande tiltak evt. vidare utgreiing:

Tiltak nr:	Skildring av tiltak og eller utgreiing
1.	Tilrettelagde grillplassar. Avfallsstasjonar for eingongsgrillar
2.	Lav fart eller fortau på veg
3.	Sikra reglar for byggehøgde over havet.
4.	Bygge gangveg til badeplass. Sikre skjeringar, bratte parti og djupe myrhol. Ha redningsutstyr på badeplass.

Tilråding:

Positive konsekvensar	Badeplass og friområde sentralt i kommunen vil vere positivt for innbyggjarane i området og resten av kommunen. Betre tilgjenge frå land.
Negative konsekvensar	Naturleg vegetasjon verte endra.




Konklusjon:

Området er i kommuneplan for 2006 disponert til LNF spreidd og LNF og grenser til regulerte bustad-, næring- og offentlege områder. Arealet er i dag urørt. Det er kupert med myrar mellom kollane. Det er fleire vikar og bukter, men utan større gode opphaldsareal på land. Innspelet gjeld friområde og badeplass.


Kommunen ser sikring av område til bading og friluftsliv nær kommunesenteret som positivt. Utfordringa er å finne ein god, terrengtilpassa og universell tilkomst og eventuell parkering som gjer minst mogleg skade på landskapet og myrområda.

Endringa tilrås gjort som reguleringsplan for å sikre god og trygg tilkomst utan for store terrenginngrep. Tiltaka bør sjåast i samanheng med regulering av skule og dei nye bustadområda.

KU – AREALINNSPEL/TILTAK NR: 115 UTKILEN

Lokalisering:	Utkilen	Gnr/Brnr:	132/7	Areal:	0,4 daa naust 0,4 daa småbåthamn
Noverande arealføremål:	Fiske-, ferdsel-, natur og friluftsområde (FFNF, dvs. generelt sjøområde)				
Forslag nytt arealføremål:	Båtopptrekk (arealformål: småbåthamn). (I høyringsframlegget: Bruk og vern av sjø og vassdrag) Innspeil nr 7				
Områdeskildring:	Kartutsnitt: Gjeldande kommuneplan, høyringsframlegg og faktisk situasjon				
<i>Gjeld båtopptrekk i tråd med eksisterande bruk</i>					
					

Tema:	Verdi:	Påverknad:	Konsekvens:	Tal +/-	Merknad:
Landskap	Middels	Liten	Liten	0	Skjerma smal vik som delvis er tilrettelagt til båtopptrekk i dag.
Friluftsliv	Liten	Liten	Liten	0	Ikkje registrert som friluftsområde, men sjøområda utanfor er registrert

					som Viktig friluftsområde. Bruken av vika vil ikkje påverke opplevinga av sjøen som rekreasjonsområde.
Natur mangfald	Liten	Liten	Liten	0	Ingen registrerte sårbare artar, utvalte naturtypar eller landskap. Arealet er grusa.
Landbruk	Liten	Liten	Liten	0	 <p>Skog med middels bonitet, som er fjerna for båtoppтреkket. Bratt og ikkje drivverdig arrondering.</p>
Helse	Middels	Liten	Liten	0	Tilgjengeleg for ålmenta frå land i dag. Ferdigstilling av båtoppтреkk vil ikkje endre forholda.
Kulturminne og kulturmiljø	Liten	Liten	Liten	0	Ingen registrerte kulturminner eller SEFRAK registrerte bygg i området.
Risiko og sårbarheit	Liten	Liten	Liten	0	Ingen endring
Miljø og klima		Liten	Liten	0	Havnivåstigninga vil gje nye utfordringar for småbåthamn
Born og unge	Liten	Liten	Liten	1	Betre tilgang til sjø vil verte positivt for born og unge som har tilknytting/tilgang til staden. Ikkje badeområde.
Strandsone	Liten	Middels	Middels	-1	Meir aktivitet vil kunne auke kjensla av privatisering, men og gje fleire tilgang til sjøen. Småbåthamn vil privatisere meir enn i dag.
Samfunns messige tilhøve	Liten	Liten	Middels	1	Båtoppтреkk nær veg vil komme til nytte for lokalsamfunnet og resten av kommunen
SUM				1	

ROS - Analyse:

Tema/Fareområde/analyseobjekt Skildring av uønska hending/fare Konsekvens	Utløysande årsak til hending. Evt. kombinasjon av fleire	Merknad, kommentar Utfyllande opplysningar
1. Brann	Båtbrann.	Oppbevaring av brannfarlege væsker. 5km til Brannvesen
2. Trafikk/tilkomst	Trafikkulukke	Smal tilkomstveg utan fortau. Ein del bustadar og hytter nyttar vegen.
3. Alvorleg akutt sjukdom	Hjartestopp/slag/drukning/fall	Utrykking. 5km til lege og ambulanse
4. Havnivåstigning/Klima	Ekstremvær/vind/havnivå	Sjønært areal og aktivitet. Vil ikkje auke faren for omgjevnadane.
5. Universell utforming	Bratte sider, men slakt i dalbotnen/båtopptrekket	

Vurdering av risiko som produkt av sannsyn og konsekvens

L	Markering av konsekvensar for liv og helse
M	Markering av konsekvensar for miljø
Ø	Markering av konsekvensar for økonomiske verdiar
D	Markering av konsekvensar for drift

ROS-Matrise

	Ufarleg	Ein viss fare	Farleg	kritisk	Katastrofalt
Svært sannsynleg					
Sannsynleg	1M	1L, 3L, 3Ø	1Ø		
Mindre sannsynleg	2M	2L, 2Ø, 4M, 4Ø			
Lite sannsynleg					
Usannsynleg	1D, 2D, 3D, 4L, 4D, 5M	5L, 5Ø, 5D			

Avbøtande risikoreducerande tiltak evt. vidare utgreiing:

Tiltak nr:	Skildring av tiltak og eller utgreiing
1.	Sikring av brannfarlege stoff
2.	Lav fart på veg
3.	Sikra reglar for byggehøgdd over havet. Eventuelle bygg må byggast robust for høg vasstand.

Tilråding:


Positive konsekvensar	Ferdigstilling av eksisterande båtopptrekk. Legalisering av båtopptrekk og eventuelle båtplassar vil vere positivt for dei som bur eller har hytte i området.
Negative konsekvensar	Privatiseringa av området vil kunne auke.


Konklusjon:


Området er i kommuneplan for 2006 disponert til Fiske-, ferdsel-, natur og friluftsområde (FFNF, dvs. generelt sjøområde) og landareala til LNF. Arealet er i dag nytta til båtopptrekk og delvis tilrettelagt. Det er bratte skråningar ned til sjøen langs sidene, men slakt i dalbunnen. Innspelet gjeld båtopptrekk.

Kommunen ser båtopptrekk og tiltak i samband med dette som positivt for lokalsamfunnet. Sjøareala på framsida av båtopptrekket bør settast av til småbåthamn for å gje høve til flytebrygger.

KU – AREALINNSPEL/TILTAK NR: 116 BERGSVIKA

Lokalisering:	Bergsvika	Gnr/Bnr:	157/11, 12, 19, 51, 87	Areal:	3,6 daa naust 4,5 daa småbåthamn
Noverande arealføremål:	LNF spreidd Bustad				
Forslag nytt arealføremål:	Naustformål og småbåthamn				
Områdeskildring:	Innspeil 8				
	Kartutsnitt: Gjeldande kommuneplan og faktisk situasjon (skråfoto)				
<i>Gjeld fortetting av eksisterande naustområde og småbåtområde.</i>					

Tema:	Verdi:	Påverknad:	Konsekvens:	Tal +/-	Merknad:
Landskap	Liten	Middels	Liten	0	Nausta ligg spreidd og pregar landskapet i dag. Naturleg landskap mellom nausta vil kunne verte endra ved vidare naustbygging. Delvis bratt og avskoga skråning mot sjøen. Landskapstilpassing av tilkomstveg vil verte utfordrande.
Friluftsliv	Liten	Liten	Liten	0	Ikkje registrert som friluftsområde. Fjordområdet utanfor vika er registrert som Friluftsområde. Fortetting av naust vil vere synleg, men ikkje endre dagens påverknad.
Natur mangfald	Liten	Liten	Liten	0	Ingen registrerte sårbare artar, utvalte naturtypar eller landskap.
Landbruk	Liten	Liten	Liten	0	

Helse					Skog med middels bonitet, og overflatedyrka jord innanfor. Bratt og ikkje drivverdig arrondering. Naustområdet må ligge utanfor drivverdige landbruksområde.
	Liten	Liten	Middels	1	Ikkje attraktivt for ålmenta i dag pga anten naustområde eller bratt. Aukar tilgjenge til sjøen.
Kulturminne og kulturmiljø	Middels	Middels	Middels	-1	 <p>Ingen registrerte kulturminner. Fleire av de eksisterande nausta er registrerte i SEFRAK med meldeplikt etter kulturminneloven, dvs eldre enn frå 1850 (rød trekant). Nybygg må ta omsyn til kulturminneverdiane i nærleiken.</p>
Risiko og sårbarheit	Liten	Liten	Middels	-1	Auka båttrafikk og tilgjenge vil kunne gje auka risiko for ulukker og utslepp, men det er ikkje rom for vesentleg auke av naust eller båt plassar innanfor arealet. Bratt terreng.
Miljø og klima		Middels	Middels	-1	Havnivåstigninga vil gje nye utfordringar
Born og unge	Liten	Liten	Middels	1	Bratt eller privat tilgang til sjø frå land i dag. Betre tilgang til sjø vil verte positivt for born og unge som har tilknytting/tilgang til staden. Ikkje badeområde.
Strandsone	Liten	Liten	Liten	0	Bratt og lite tilgjengeleg strandsone, sjølv om arealet har nokre naust. Meir aktivitet og fleire bygg vil kunne auke kjensla av privatisering, men og gje fleire tilgang til sjøen.
Samfunns messige tilhøve	Liten	Liten	Middels	1	Fleire får høve til naust og båtliv som er positivt for nærområdet.
SUM				0	

ROS – Analyse:

Tema/Fareområde/analyseobjekt Skildring av uønska hending/fare Konsekvens	Utløysande årsak til hending. Evt. kombinasjon av fleire	Merknad, kommentar Utfyllande opplysningar
1. Brann	Båtbrann eller brann i naust.	Oppbevaring av brannfarlege væsker. Ca 4 km til brannvesen. Fare for spreiring til andre naust
2. Trafikk/tilkomst	Trafikkulukke	Smal tilkomstveg utan fortau. Ein del bustadar og hytter nyttar vegen.
3. Alvorleg akutt sjukdom	Hjartestopp/slag/drukning/fall	Utrykking. Ca 4km til ambulanse
4. Havnivåstigning/Klima	Ekstremvær/vind/havnivå	Sjønært areal og aktivitet. Vil ikkje auke faren for omgjevnadane.
5. Universell utforming	Bratt	Vanskeleg tilkomst utan tilrettelegging

Vurdering av risiko som produkt av sannsyn og konsekvens

L	Markering av konsekvensar for liv og helse
M	Markering av konsekvensar for miljø
Ø	Markering av konsekvensar for økonomiske verdiar
D	Markering av konsekvensar for drift

ROS-Matrise

	Ufarleg	Ein viss fare	Farleg	kritisk	Katastrofalt
Svært sannsynleg					
Sannsynleg	1M	1L, 3L, 3Ø	1Ø		
Mindre sannsynleg	2M	2L, 2Ø, 4M, 4Ø			
Lite sannsynleg					
Usannsynleg	1D, 2D, 3D, 4L, 4D, 5M, 5D	5L, 5Ø			

Avbøtande risikoreducerande tiltak evt. vidare utgreiing:

Tiltak nr:	Skildring av tiltak og eller utgreiing
1.	Sikring av brannfarlege stoff. Brann sikker bygging av nybygg
2.	Lav fart på veg
3.	Sikra reglar for byggehøgde over havet. Naust må byggast robust for høg vasstand.
4.	Leggje til rette for tilkomst til nausta. Stigar el frå sjøen og opp til naust/kai. Sikre skjeringar og bratte parti

Tilråding:

Positive konsekvensar	Revitalisering og fortetting av eksisterande naustområde. Fleire naust og båt plassar vil vere positivt for dei som bur eller har hytte i området. Betre tilgjenge frå land.
Negative konsekvensar	Naturleg terreng mellom dagens naust vil verte nedbygd. Privatiseringa av området vil kunne auke. Kulturminneverdi av endre naust vil kunne verte påverka av nabo-nybygg. Endring av kulturlandskap



Konklusjon:

Området er i kommuneplan for 2006 disponert til LNF spreidd bustad. Arealet har i dag naust og brygger på dei mest tilgjengelege stadane. Det er i hovudsak bratt ned til sjøen der det ikkje er naust i dag. Innspelet gjeld naustformål og småbåthamn.

Kommunen ser fortetting av naust- og småbåtmiljøet som positivt for lokalsamfunnet. Utfordringa er å finne god tilkomst til nausta frå land og få plass til fleire naust, samt å bygge slik at kulturminneverdien til eksisterande naust vert sikra.

Endringa tilrås gjort som reguleringsplan for å sikre god og trygg tilkomst til nausta og plassering av naust utan for store terrenginngrep og svekking av område sin kulturminneverdi som eldre naustmiljø. Sjøareala på framsida av naustformålet bør settast av til småbåthamn for å gje høve til flytebrygger og utstikkarar for å betre tilgjenge til sjøen og sikkerheita ved båtlending.

KU - AREALINNSPEL/TILTAK NR: 117 KROSSØY

Lokalisering:	Krossøy	Gnr/Bnr:	164/1	Areal:	1,1 daa naust 0,6 daa småbåthamn
Noverande arealføremål:	LNF				
Forslag nytt arealføremål:	Naustformål og småbåthamn				
Områdeskildring:	Merknad nr 9				
:	Kartutsnitt: Gjeldande kommuneplan og faktisk situasjon				
Gjeld nytt naustområde og småbåthamn.					

Tema:	Verdi:	Påverknad:	Konsekvens:	Tal +/-	Merknad:
Landskap	Middels	Stor	Middels	-1	Urørt verdifullt kystlandskap. Arealet ligg nær brua og vert synleg, men ligg dermed og i eit område som er endra frå før. Det er bygget parkeringsplass langs vegen. Landskapstilpassing av tilkomstveg vil verte utfordrande.
Friluftsliv	Middels	Liten	Liten	0	Utbygging vil ha innverknad for ålmenn tilgang i vika, men er avgrensa i omfang.
Natur mangfald	Middels	Liten	Liten	0	Arealet ligg nær svært verdifull kystlynghei, men det er på andre sida av vegen. Likevel er det viktig å avgrense inngrep i lyngområda og tiltak på land. Området er lite i omfang.

Landbruk	Liten	Liten	Liten	0	 <p>Området er klassifisert som open fastmark i AR5. Kan brukast som lynchey/beite, men har ikkje særleg nytte i landbruk ut over det.</p>
Helse		Liten	Middels	0	Naust og tilgang til sjø vil innebere ein betring i høve til tilgang til sjø.
Kulturminne og kulturmiljø	Liten	Liten	Liten	0	Det er ingen registrerte kulturminne eller SEFRAC registreringar i området.
Risiko og sårbarheit	Liten	Liten	Middels	-1	Auka båttrafikk og tilgjenge vil kunne gje auka risiko for ulukker og utslepp, men det er ikkje rom for mange nye naust eller båtplassar innanfor arealet. Noko bratt terreng.
Miljø og klima		Middels	Middels	-1	Arealet ligg i le for dei verste vindretningane, men må ta omsyn til havnivåstigning.
Born og unge	Liten	Liten	Middels	1	Betre tilgang til sjø vil verte positivt for born og unge som har tilknytting/tilgang til staden. Truleg ikkje badeområde eller nytta av born eller unge i dag.
Strandsone	Liten	Liten	Middels	0	Strandsona ved «innfallsporsten» til Krossøy, men og nær brua og strandsone inngrepa der. Meir aktivitet og fleire bygg vil kunne auke kjensla av privatisering, men og gje fleire tilgang til sjøen.
Samfunns messige tilhøve		Liten	Middels	2	Fleire får høve til naust og båtliv som er positivt for nærområdet og tilflytting til Krossøy.
SUM				0	

ROS – Analyse:

Tema/Fareområde/analyseobjekt Skildring av uønska hending/fare Konsekvens	Utløysande årsak til hending. Evt. kombinasjon av fleire	Merknad, kommentar Utfyllande opplysningar
1. Brann	Båtbrann eller brann i naust og/ eller lynnbrann	Oppbevaring av brannfarlege væsker. 13 km til brannvesen.
2. Trafikk/tilkomst	Vegstenging. Trafikkulukke	Bru, utan alternativ tilkomst. Smal tilkomstveg utan fortau. Ein del bustadar og hytter nyttar vegen.
3. Alvorleg akutt sjukdom	Hjartestopp/slag/drukning/fall	Beredskap. 13 km til lege og ambulans
4. Havnivåstigning/Klima	Ekstremvær/vind/havnivå	Vindutsett bru. Sjønært areal og aktivitet. Vil ikkje auke faren for omgevingane.
5. Universell utforming	For bratt	Vanskeleg tilkomst utan tilrettelegging

Vurdering av risiko som produkt av sannsyn og konsekvens

L	Markering av konsekvensar for liv og helse
M	Markering av konsekvensar for miljø
Ø	Markering av konsekvensar for økonomiske verdiar
D	Markering av konsekvensar for drift

ROS matrise

	Ufarleg	Ein viss fare	Farleg	kritisk	Katastrofalt
Svært sannsynleg					
Sannsynleg	1M	1L, 3L, 3Ø	1Ø		
Mindre sannsynleg	2M	2Ø, 4M, 4Ø	2L		
Lite sannsynleg					
Usannsynleg	1D, 2D, 3D, 4L, 4D, 5M, 5Ø, 5D	5L			

Avbøtande risikoreduserande tiltak evt. vidare utgreiing:

Tiltak nr:	Skildring av tiltak og eller utgreiing
1.	Sikring av brannfarlege stoff
2.	Lav fart på veg
3.	Sikra reglar for byggehøgde over havet. Naust må byggast robust for høg vasstand.
4.	Bygge veg/sti til naustområdet. Sikre skjeringar og bratte parti

Tilråding:

Positive konsekvensar	Fleire naust og båtplassar vil vere positivt for dei som bur eller har hytte i området. Betre tilgjenge frå land.
Negative konsekvensar	Inngrep nær registrert verdifullt lyngheilandskap. Naturleg terreng vil verte nedbygd. Privatiseringa av området vil kunne auke.


Konklusjon:

Området er i kommuneplan for 2006 disponert til LNF og ligg nær brua og etablert parkeringsplass. Området er nær verdifullt lyngheilandskap. Det er bratt skråning ned til sjøen. Innspelet gjeld naustformål og småbåthamn.

Kommunen ser fortetting av naust- og småbåtmiljøet som positivt for lokalsamfunnet. Utfordringa er å minimalisere inngrepa og god landskapstilpassing av nausta og ein eventuell veg. Areal med lyng bør i minst mogleg grad råkast.

Endringa tilrås gjort som reguleringsplan for å sikre minst mogleg terrenginngrep og reduksjon av areal med lyng. Sjøareala på framsida av naustformålet settast av til småbåthamn for å gje høve til flytebrygger og utstikkarar for å betre tilgjenge til sjøen og sikkerheita ved båtlanding

KU – AREALINNSPEL/TILTAK NR: 118 AUSTRSHEIMVÅGEN

Lokalisering:	Austrheimvågen	Gnr/Bnr:	156/7 156/126	Areal:	1,1 daa naust 0,6 daa småbåthamn
Noverande arealføremål:	LNF spreidd Bustad				
Forslag nytt arealføremål:	Naustformål (Innspeil 10 og 11)				
Områdeskildring:	Kartutsnitt: Gjeldande kommuneplan og faktisk situasjon				
<i>Gjeld fortetting av eksisterande naust.</i>					

Tema:	Verdi:	Påverknad:	Konsekvens:	Tal +/-	Merknad:
Landskap	Liten	Middels	Liten	-1	Punktvis bearbeida landskap til naust og naustformål. Naturleg landskap mellom som vil kunne verte endra ved bygging av fleire naust.
Friluftsliv	Middels	Liten	Liten	0	Ikkje registrert som friluftsområde. Spreidd naustbygging privatiserar området i dag. Sandstrand ved bnr 220.
Natur mangfald	Liten	Liten	Liten	0	Ingen registrerte sårbare artar, utvalte naturtypar eller landskap.
Landbruk	Middels	Liten	Liten	0	 Innmarksbeite og strandsone, samt skog med middels bonitet i nordaust. Naust vil ikkje endre landbruksområda merkbart.
Helse	Liten	Middels	Middels	1	Aukar tilgjenge til sjøen.

Kulturminne og kulturmiljø	Middels	Liten	Liten	0	Ingen registrerte kulturminner. Det er eitt SEFRAK registrert naust i kvart av områda.
	Liten	Liten	Liten	0	Auka båttrafikk og tilgjenge vil kunne gje auka risiko for ulukker og utslepp, men det er ikkje rom for vesentleg auke av båtplassar innanfor areala.
Miljø og klima		Liten	Middels	-1	Havnivåstigninga vil gje nye utfordringar
Born og unge	Middels	Liten	Liten	0	Fleire naust og båttrafikk kan redusere verdien av badevik ved bnr 220, men omfanget vil verte lite og truleg ikkje endre bruken av badevika.
Strandsone	Liten	Liten	Liten	0	Meir aktivitet og fleire bygg vil kunne auke kjensla av privatisering, men og gje fleire tilgang til sjøen. I dag er nausta spreidd og fortetting vil ikkje vesentleg endra kjensla av privatisering.
Samfunns messige tilhøve	Middels	Liten	Middels	1	Naust og båtplassar er eit gode for lokalsamfunnet. Betre tilgang til sjø for nærområdet
SUM				0	

ROS – Analyse:

Tema/Fareområde/analyseobjekt Skildring av uønska hending/fare Konsekvens	Utløysande årsak til hending. Evt. kombinasjon av fleire	Merknad, kommentar Utfyllande opplysningar
1. Brann	Båtbrann eller brann i naust.	Oppbevaring av brannfarlege væsker. 3km til brannvesen.
2. Trafikk/tilkomst	Trafikkulukke	Smal tilkomstveg utan fortau. Mange bustadar og hytter nyttar vegen.
3. Alvorleg akutt sjukdom	Hjartestopp/slag/drukning/fall	Utrykking. 3km til lege og ambulanse
4. Havnivåstigning/Klima	Ekstremvær/vind/havnivå	Sjønært areal og aktivitet. Vil ikkje auke faren for omgjevnadane.
5. Universell utforming	Nokså flatt i naustområda, bratt ved Jubergget	Bra tilkomst til nausta

Vurdering av risiko som produkt av sannsyn og konsekvens

L	Markering av konsekvensar for liv og helse
M	Markering av konsekvensar for miljø
Ø	Markering av konsekvensar for økonomiske verdiar
D	Markering av konsekvensar for drift

ROS-Matrise

	Ufarleg	Ein viss fare	Farleg	kritisk	Katastrofalt
Svært sannsynleg					
Sannsynleg	1M	1L, 3L, 3Ø	1Ø		
Mindre sannsynleg	2M	2L, 2Ø, 4M, 4Ø			
Lite sannsynleg					
Usannsynleg	1D, 2D, 3D, 4L, 4D, 5L, 5M, 5Ø, 5D				

Avbøtande risikoreduserande tiltak evt. vidare utgreiing:

Tiltak nr:	Skildring av tiltak og eller utgreiing
1.	Sikring av brannfarlege stoff
2.	Lav fart på veg
3.	Sikra reglar for byggehøgde over havet. Naust må byggast robust for høg vasstand.

Tilråding:

Positive konsekvensar	Fortetting av eksisterande naustmiljø. Fleire naust og båtplassar vil vere positivt for dei som bur eller har hytte i området.
Negative konsekvensar	Naturleg terreng mellom dagens naust vil verte nedbygd. Privatiseringa av området vil kunne auke.

Konklusjon:

Området er i kommuneplan for 2006 disponert til LNF spreidd. Arealet har i dag nokre naust og brygger. Dei to innspela gjeld naustformål og småbåthamn.



Kommunen ser fortetting av naust- og småbåtmiljøet som positivt for lokalsamfunnet.

Sjøareala på framsida av naustformålet settast av til småbåthamn for å gje høve til flytebrygger og utstikkarar for å betre tilgjenge til sjøen og sikkerheita ved båtlending.

KU – AREALINNSPEL/TILTAK NR: 119 TOFTEGÅRD

Lokalisering:	Toftegård	Gnr/Bnr:	147/1	Areal:	25 daa
Noverande arealføremål:	LNF				
Forslag nytt arealføremål:	Bustadområde				
Områdeskildring :	Innspel nr 12				
	Kartutsnitt:				
	Gjeldande kommuneplan og faktisk situasjon				
Nytt bustadfelt til ca 17 nye bustader					

Tema:	Verdi:	Påverknad:	Konsekvens:	Tal +/-	Merknad:
Landskap	Middels	Stor	Stor	-1	Tydeleg landskapsrygg som er synleg på langt hold, særleg frå sjøen. Naturleg landskap som vil verte endra ved bygging av bustader. Kupert landskap. Delvis bratt skråning mot sjøen.
Friluftsliv	Middels	Liten	Middels	-1	Ikkje registrert som friluftsområde i kommunen sin oversikt, men sjøområda nord og vest for neset er registrert som Svært viktig friluftsområde i Naturbase.no. Nokre fine vikar som kan verte privatisert av fleire bustader. Utbygging vil indirekte påverke friluftslivet til nærområda, spesielt på sjøen

Natur mangfold	Stor	Middels	Stor	-2	 <p>Ingen registrerte sårbare artar, utvalte naturtypar eller landskap innanfor området men fleire artar av Særleg stor forvaltningsmessig interesse (fleire fugleartar og oter) på holmane og sjøområdet nord for område. Meir menneskeleg aktivitet, kan redusere bestandene. Den registrerte Viktige naturtypen Større kamskjelførekomstar omgjev heile neset, men vert ikkje på same måte som fuglar og oter påverka av bustadbygginga og aktivitet.</p>
Landbruk	Middels	Liten	Middels	-1	 <p>Bustadområdet vil i hovudsak dekke innmarksbeite, men og noko skog med høg og middels bonitet, samt Open skrin fastmark. Skogen ligg i kupert terreng, er liten og truleg ikkje drivverdig. Beiteområdet kan ha noko verdi, men ser ut til å ikkje vere intensivt nytta i dag.</p>
Helse	Liten	Liten	Liten	0	<p>Kupert og ikkje tilrettelagt. Neset utan gjennomgang til andre område vil ikkje vere svært attraktivt som turområde. Kan ha verdi om nærområde.</p>
Kulturminne og kulturmiljø	Liten	Liten	Liten	0	<p>Ingen registrerte kulturminner eller SEFRAK registrerte bygg i området.</p>

Risiko og sårbarheit	Middels	Liten	Middels	-1	Kupert og bratt terreng. Smal og dårleg vegtilkomst til området.
		Middels	Middels	-1	Vindutsett. Ryggen av neset ligg ganske ope ut mot havet.
Miljø og klima					
Born og unge	Liten	Liten	Liten	0	Ikkje i bruk som leikeområde.
Strandsone	Middels	Liten	Liten	0	Attraktiv strandsone i dag, sjølv om det kanskje ikkje er så mange som går i land. Meir aktivitet og fleire bygg vil kunne auke kjensla av privatisering av strandsona sjølv om bustadane ikkje ligg i strandkanten. 100m grensa vil verte utfordra.
Samfunns messige tilhøve	Liten	Liten	Liten	0	Fleire bustader er positivt for nærmiljøet, men det er fleire regulerte og ubygde tomter i nærleiken. Ikkje nær service og offentlege tilbod.
SUM				-7	

ROS – Analyse:

Tema/Fareområde/analyseobjekt Skildring av uønska hending/fare Konsekvens	Utløysande årsak til hending. Evt. kombinasjon av fleire	Merknad, kommentar Utfyllande opplysningar
1. Brann 2. Trafikk/tilkomst 3. Alvorleg akutt sjukdom 4. Havnivåstigning/Klima 5. Universell utforming	Brann	Ca 4km til brannvesen.
	Trafikkulukke	Smal tilkomstveg utan fortau. Nokre bustadar og hytter nyttar vegen.
	Hjartestopp/slag/fall	Utrykking. Ca 4km til lege og ambulanse
	Ekstremvær/vind/havnivå	Vindutsett.
	Bratt	Vanskeleg tilkomst utan tilrettelegging

Vurdering av risiko som produkt av sannsyn og konsekvens

L	Markering av konsekvensar for liv og helse
M	Markering av konsekvensar for miljø
Ø	Markering av konsekvensar for økonomiske verdiar
D	Markering av konsekvensar for drift

ROS-Matrise

	Ufarleg	Ein viss fare	Farleg	kritisk	Katastrofalt
Svært sannsynleg					
Sannsynleg		4M, 4Ø			
Mindre sannsynleg	1M, 2M, 4L,	1L, 2L, 2Ø, 3L, 3Ø,	1Ø		
Lite sannsynleg		5L, 5Ø			

Usannsynleg	1D, 2D, 3D, 4D, 5M	5D			
-------------	-----------------------	----	--	--	--

Avbøtande risikoreduserande tiltak evt. vidare utgreiing:

Tiltak nr:	Skildring av tiltak og eller utgreiing
1.	Nybygg må fylgje brannforskriftar
2.	Lav fart eller fortau på veg
3.	Må byggjast til å tole store vindlaster. Uteareal må planleggjast med omsyn på vind.
4.	Veg og uteareal må byggjast etter krav til UU
5.	Området må detaljregulerast

Tilråding:




Positive konsekvensar	Fleire bustader vil vere positivt for nærmiljøet og for å styrkje bygda.
Negative konsekvensar	Synleg og naturleg landskap vil verte nedbygd. Meir aktivitet og bustader vil redusere naturmangfaldet og friluftsjnteressene i strandsona, holmane og sjøområda vest og nord for området. Dårleg veg til kommunesenteret. Nytt område som ikkje kan definerast som fortetting.

Konklusjon:

Området er i kommuneplan for 2006 disponert til LNF. Arealet har ingen tiltak eller bygg i dag. Innspelet gjeld bustad.



Kommunen ser nye bustader som positivt for lokalsamfunnet, men det er fleire regulerte ubygde bustadtomtar i nærleiken. Det vil vere betre å bygge ferdig ut desse før ein eventuelt tar til med nye område i urørt natur. Utbygging kan og redusere landskaps-, natur- og friluftsjnteressar i nærleiken. Området tilrås ikkje endrast frå LNF til Bustad.

KU – AREALINNSPEL/TILTAK NR: 120 ØKSNESMARKA

Lokalisering:	Øksnesmarka	Gnr/Bnr:	Fleire	Areal:	726,2 daa
Noverande arealføremål:	Næring				
Forslag nytt arealføremål:	Næring eller LNF				
Områdeskildring:	Innspele nr 13, 18 og 26				
Gjeldande plan visar Næring. Planframlegg på høyring viste LNF. Høyringsinnspele både om fortsatt Næring og om LNF	Kartutsnitt: Gjeldande kommuneplan, planframlegg på høyring og faktisk situasjon				
					
		Framlegg til ny plan på offentleg høyring			

Konsekvensutgreiinga her gjeld endring frå faktisk situasjon, dvs. frå område utan inngrep til Næring.

Tema:	Verdi:	Påverknad:	Konsekvens:	Tal +/-	Merknad:
Landskap	Middels	Stor	Stor	-1	Større kystlandskap utan tiltak. Synleg frå store områdar både på land og frå sjø.
Friluftsliv	Stor	Stor	Stor	-2	 Søre del er registrert som svært viktig friluftsområde og det inngår i eit større samanhengande område.

Natur mangfald	Stor	Stor	Stor	-2	<p>Det går mange stiar på kryss og tvers gjennom området.</p>  <p>Inngår i det einaste inngrepsfrie naturområdet i kommunen. Fleire registrerte sårbare artar, mellom anna den sterkt trua sumarfuglen Bredbåndpraktvikler. Del av Austevågane er registrert som viktig naturtype, Strandeng.</p>
	Liten	Liten	Liten	0	 <p>I hovudsak Open skrin eller jorddekt fastmark. Noko Skog med lav bonitet og ein del myr.</p>
	Middels	Middels	Stor	-1	<p>Mykje nytta til turgåing. Urørd natur nær busetnad og kommunesentrum har stor verdi for folkehelsa. Bratt og lite tilgjengelig frå sjøen.</p>
	Middels	Liten	Middels	-1	<p>Ingen registrerte kulturminner. 1 SEFRAK registrert bygg og nokre ruinar i området.</p>
	Liten	Liten	Middels	-1	<p>Næringsområde gjev potensiale for arbeidsulukker, men det er strenge krav til førebygging. Bratt terreng. Auka trafikk og tungtrafikk vil auke sannsyn og konsekvens av trafikkulukker. Fare for støv i vatnet ved massehandtering som kan gje ulemper for oppdrettsanlegg.</p>
Miljø og klima	Middels	Liten	Liten	0	<p>Vindutsett. Endring av torvmyrar vil føre til utslepp av klimagassar</p>

Born og unge	Stor	Middels	Stor	-1	Born og unge er meir avhengig av turområde i gang/sykkelavstand frå busetnad enn vaksne. Nærleiken til kommunesenteret og dei mange stiane har verdi for born og unge.
Strandsone	Liten	Middels	Stor	-1	Bratt og lite tilgjengeleg strandsone, Næringsbygg og kaiar vil endre strandsona vesentleg.
Samfunns messige tilhøve	Stor	Stor	Stor	2	Natur- og friluftsverdiane er viktige for lokalsamfunnet. Kommunen vil miste planlagde næringsområde og kai, og dermed arbeidsplassar. Det er ikkje andre så store framtidige næringsareal i kommunen.
SUM				-8	

ROS – Analyse:

Tema/Fareområde/analyseobjekt Skildring av uønska hending/fare Konsekvens	Utløysande årsak til hending. Evt. kombinasjon av fleire	Merknad, kommentar Utfyllande opplysningar
1. Brann	Brann.	Avhengig av kva type næring som kjem. Oppbevaring av brannfarlege væsker. Ca 7km til brannvesen langs dagens veg.
2. Trafikk/tilkomst	Trafikkulukke	Meir trafikk og meir tungtrafikk vil auke risikoen for ulukker.
3. Alvorleg akutt sjukdom	Hjartestopp/slag/fall/skadar	Arbeidsulukker. Utrykking. Ca 7km til lege og ambulanse langs dagens veg
4. Havnivåstigning/Klima	Ekstremvær/vind/havnivå/utslepp	Vindutsett. Sjønært areal og aktivitet. Torvmyrar som lagrar karbon
5. Universell utforming	Bratt	Kupert og stadvis bratt

Vurdering av risiko som produkt av sannsyn og konsekvens

L	Markering av konsekvensar for liv og helse
M	Markering av konsekvensar for miljø
Ø	Markering av konsekvensar for økonomiske verdiar
D	Markering av konsekvensar for drift

ROS-Matrise

	Ufarleg	Ein viss fare	Farleg	kritisk	Katastrofalt
Svært sannsynleg					
Sannsynleg		1L, 1M, 1D, 2L, 2M, 2Ø, 3L, 3Ø	1Ø		
Mindre sannsynleg		2D, 4Ø	4M,		
Lite sannsynleg					
Usannsynleg	3D, 4L, 4D, 5M	5L, 5Ø, 5D			

Avbøtande risikoreducerande tiltak evt. vidare utgreiing:

Tiltak nr:	Skildring av tiltak og eller utgreiing
1.	Nybygg må følgje brannforskriftene
2.	Krav om fortau på veg og god vegstandard
3.	Byggje for høg vindlast. Sikra reglar for byggehøgde over havet, minimum 2,5moh
4.	Bygge vegar og fortau med UU. Sikre skjeringar og bratte parti
5.	Krevje detaljreguleringsplan

Tilråding:

Positive konsekvensar	Meir næringsareal og ny industrikai i kommunen. Høve til stort næringsområde. Arbeidsplassar.
Negative konsekvensar	Fjerne leveområde for sårbare og trua arter. Fjerning av viktig naturområde, nyare kulturminne og mykje brukt naturområde. Naturleg terreng og strandsone vil verte nedbygd.

Konklusjon:


Området er i kommuneplan for 2006 disponert til næring og ligg nær kommunesentrum. I framlegg til ny kommuneplan som var på høyring var området sett av til LNF. Arealet er tilrettelagt med stiar, har restar etter torvtak og nyare kulturminne, men er elles ikkje utbygd. Innspela gjeld både å bevare området som LNF og å bygge det ut som næringsområde og kai.

Kommunen meiner det er trong for meir industriareal og kai i kommunen. Utfordringa er at Øksnesmarka har store verdiar for naturmangfald, trua artar, viktige naturområder og friluftsområder. Dette er ikkje-fornybare ressursar som ikkje kan erstattast. Øksnesmarka tilrås fortsatt å vere LNF.

KU – AREALINNSPEL/TILTAK NR: 121 LEIRVÅGEN

Lokalisering:	Leirvågen	Gnr/Bnr:	128/1,2	Areal:	1,9 daa hamn
Noverande arealføremål:	Næring og fiske-, ferdsel-, natur- og friluftsområde				
Forslag nytt arealføremål:	Hamn Innspeil nr 17				
Områdeskildring:	Kartutsnitt: Gjeldande kommuneplan og faktisk situasjon				
<p><i>Gjeldande plan visar generelt vassområde. Innspeil om hamn i strandsone og sjø på austsida av ferjekaia i Leirvågen. Området er i dag nytta til naturområde, naust og båtplassar.</i></p>					

Tema:	Verdi:	Påverknad:	Konsekvens:	Tal +/-	Merknad:
Landskap	Liten	Middels	Middels	0	Lett kupert terreng med blanda skog og er delvis prega av å være bearbeida med fylling i sjø og båtplassar.
Friluftsliv	Middels	Middels	Stor	-1	Det er ingen kartlagde friluftsområde som vert råka av tiltaket. Rundt odden i søraust og i området bak denne er det kvalitetar for friluftsliv, det er mellom anna brukt til småbåtar og naust. Moglegheita for ferdsel, aktivitet, friluftsliv og fiske vert avgrensa.
Natur mangfald	Middels	Liten	Middels	-1	

					Det er ikkje registrert viktige naturtypar som vært råka av tiltaket. Plantane geitsvingel og strandkjeks som er på Norsk Raudliste er registrert i området, men begge desse har listestatus som livskraftige.
Landbruk	Middels	Liten	Liten	0	 <p>Det er registrert skog med høg bonitet som strekk seg over eit stort område. Skogområdet som vert råka går i et kupert terreng som er forholdsvis bratt ned mot sjøen. Truleg lite drivverdig.</p>
Helse	Middels	Liten	Liten	0	Liten innverknad, men kan avgrense bruken av sjøareala i området i høve til friluftsliv/folkehelse.
Kulturminne og kulturmiljø	Middels	Middels	Stor	-1	Det er registrert eit kulturminne i sjø som vert råka av tiltaket. Det dreier seg om eit båtopptrekk som består av to steinsettingar som ligg delvis under vatn i forkant av naustet aust i området. Kulturminnet har uvisss datering og er ikkje automatisk freda. Naustet er SEFRAK-registrert.
Risiko og sårbarheit	Liten	Liten	Middels	0	Omgjering frå naturleg strandlinje til kai aukar faren for påverknad av ekstremvær. Det er utfordrande å få til ei god tilkomstløyising til fylkesvegen.
Miljø og klima	Liten	Liten	Liten	0	Meir ekstremvær kan føra med seg meir skade på kai og bygningar.
Born og unge	Middels	Liten	Middels	-1	Det er i born og unges interesse å ha ei tilgjengeleg strandsone og behalde friluftslivskvalitetar.
Strandsone	Middels	Liten	Middels	0	Dei eksisterande kvalitetane for friluftsliv og ferdsel i sjø og strandsone vert redusert. Samstundes vil formålet offentlig

Samfunns messige tilhøve	Stor	Middels	Stor	+2	hamn gjere sjøen tilgjengelig på ein annan måte.
					Det er eit samfunnsmessig behov for ei god djupvasskai med vegtilgjenge i kommunen.
SUM				-2	

ROS – Analyse:

Tema/Fareområde/analyseobjekt Skildring av uønska hending/fare Konsekvens	Utløysande årsak til hending. Evt. kombinasjon av fleire	Merknad, kommentar Utfyllande opplysningar
1. Brann	Båtbrann eller brann i bygningar. Kan spreie seg til skog, andre bygg og bilar.	Oppbevaring av brannfarlege væsker. Skog tett på området og ferjekai i nærleiken. 11,4 km frå brannvesen.
2. Trafikk/tilkomst	Trafikk	Utfordrande å få til ei god tilkomstløyising til fylkesveg 57.
3. Alvorleg akutt sjukdom	Hjartestopp/slag/drukning	Utrykking. 11,4 km frå lege og ambulanse.
4. Havnivåstigning/Klima	Ekstremvær/vind/havnivå	Sjønært areal og aktivitet, utsatt for vind. Aukar faren for omgjevnadane.
5. Universell utforming	Kupert	Må tilretteleggjast

Vurdering av risiko som produkt av sannsyn og konsekvens

L	Markering av konsekvensar for liv og helse
M	Markering av konsekvensar for miljø
Ø	Markering av konsekvensar for økonomiske verdiar
D	Markering av konsekvensar for drift

ROS-Matrise

	Ufarleg	Ein viss fare	Farleg	kritisk	Katastrofalt
Svært sannsynleg					
Sannsynleg	2M	1M, 2L, 2Ø, 3L, 3Ø, 4M, 4Ø	1L, 1Ø,		
Mindre sannsynleg		4L, 5L			
Lite sannsynleg		1D, 2D			
Usannsynleg	4D, 5M, 5D	5Ø			

Avbøtande risikoreducerande tiltak evt. vidare utgreiing:

Tiltak nr:	Skildring av tiltak og eller utgreiing
1.	Sikring av brannfarlege stoff.
2.	Sette krav om reguleringsplan før gjennomføring for å sikre gode trafikk-løysingar og løysingar for tilgjenge og tilpassing til omgjevnadane (terreng og funksjonar).

3.	Tiltak for å skjerme mot vindpåverknad.
4.	Sikra reglar for byggehøgde over havet. Bygg må byggast robust for høg vasstand.
5.	Sikre skjeringar og bratte parti, spesielt i overgangen mellom naturleg terreng og kai. Ha tilgjengeleg redningsutstyr.

Tilråding:

Positive konsekvensar	Dekker ein samfunnsmessig trong for ei god djupvasskai med vegtilgjenge.
Negative konsekvensar	Negativt for kulturminneverdiar. Avgrensar mogeligheita for friluftsliv og ferdsel. Endring frå naturleg strandlinje til kai aukar risikoen for øydeleggingar ved ekstremvær. Aktivitet kan gje ulemper for ferjetrafikken.




Konklusjon:

Området er i kommuneplan for 2006 disponert til generelt vassområdet og ligg nær ferjekaia. Landområdet er satt av til næring. Det er i dag eit naturområde som er noko prega av eksisterande naust/sjøhus og båtplassar. Det er friluftslivkvalitetar spesielt i aust. Innspelet gjeld offentlig hamn.

Kommunen meiner at tiltaket dekker ein samfunnsmessig trong for ei djupvasskai. Utfordringa er at ei kai her medfører ulempe for friluftsliv, born og unges interesser, kulturminner og miljø og klima, samt moglegvis for ferjekaien.


Det tilrås å setje krav til reguleringsplan før gjennomføring for å sikre ein heilskapleg utvikling av området med gode trafikkkløysingar og løysingar for tilgjenge og tilpassing til omgjevnadene, samt å sikre friluftsliv og born- og unges interesser.

KU – AREALINNSPEL/TILTAK NR: 122 UTKILEN / STORHAUGEN

Lokalisering:	Utkilen/Storhaugen	Gnr/Bnr:	132/46 m fl	Areal:	135,6 daa
Noverande arealføremål:	Noverande og framtidig bustad				
Forslag nytt arealføremål:	Noverande og framtidig bustad. Vidareføring av gjeldande plan. (LNF spreidd i planframlegg til høyring Innspeil nr 24				
Områdeskildring:	Kartutsnitt: Gjeldande kommuneplan, planframlegg på høyring og faktisk situasjon				
Innspeil om å vidareføre gjeldande plan med Noverande og framtidig bustad. Ikkje endre til LNF spreidd og redusere arealet slik høyringsframlegget viste.					
	Gjeldande kommuneplan		Planframlegg på høyring		
					

KU og ROS er vurdert mot dagens faktiske situasjon, ikkje gjeldande plan sidan drøfting gjeld om ein skal ha bustadformål og storleik på dette.

Tema:	Verdi:	Påverknad:	Konsekvens:	Tal +/-	Merknad:
Landskap	Stor	Middels	Middels	-1	Verdifullt kystlandskap. Del av større ubygd landskap.
Friluftsliv	Middels	Middels	Stor	-1	Turløype i området. Delar av området er registrert som Viktig friluftslivsområde. Bustadbygging vil påverke friluftsliv på land og sjø.

Natur mangfold	Middels	Middels	Middels	-1	Det er registrert Fjellvåk og Musvåk i området, som er arter med særleg stor forvaltningsinteresse.
Landbruk	Liten	Liten	Liten	0	 <p>Det meste av området er klassifisert som open fastmark i AR5</p>
Helse		Liten	Liten	0	Kan påverke turmoglegheiter, men er store LNF område att.
Kulturminne og kulturmiljø	Liten	Middels	Middels	0	Ingen registrerte kulturminne i området.
Risiko og sårbarheit		Liten	Liten	0	Kupert terreng. Detaljplan må avklare UU.
Miljø og klima		Middels	Middels	0	Ekstremvind
Born og unge	Liten	Middels	Middels	0	Eit mindre felt i området (B02) er delvis utbygd. Barn og unge der kan få sitt nærmiljø påverka. Men samstundes vil ei utbygging kunna bidra positivt til barn og unge.
Strandsone	Middels	Middels	Middels	-1	B37 bør ikkje strekkje seg ned til sjø i aust.
Samfunns messige tilhøve		Stor	Middels	+1	Omfattar, og ligg inntil, eksisterande bustadfelt. Kan gje attraktive tomter og fleire busette på Utkilen. Området ligg midt i kommunen , lengst frå baa sentra, utan gang og sykkelveg til og frå områda.
SUM				-3	

ROS – Analyse:

Tema/Fareområde/analyseobjekt Skildring av uønska hending/fare Konsekvens	Utløysande årsak til hending. Evt. kombinasjon av fleire	Merknad, kommentar Utfyllande opplysningar
1. Brann	Skog og eller Lyngbrann	Ca 6km til brannvesen
2. Trafikk/tilkomst	Trafikkulukke	Smal hovudveg utan fortau
3. Alvorleg akutt sjukdom	Hjertestopp/slag/fall	Utrykking. Ca 6km til lege og ambulanse

4. Havnivåstigning/Klima	Ekstremvær/vind	Plassering av hus og uteareal må ta omsyn til sterk vind
5. Universell utforming	Kupert	Tilkomst og uteareal må planleggjast med UU

Vurdering av risiko som produkt av sannsyn og konsekvens

L	Markering av konsekvensar for liv og helse
M	Markering av konsekvensar for miljø
Ø	Markering av konsekvensar for økonomiske verdiar
D	Markering av konsekvensar for drift

ROS-Matrise

	Ufarleg	Ein viss fare	Farleg	kritisk	Katastrofalt
Svært sannsynleg					
Sannsynleg	2M,	1L, 1M, 1Ø, 2Ø, 3Ø, 4D	2L, 3L,		
Mindre sannsynleg	1D, 2D, 3D, 4M, 5L, 5D	4L, 4Ø			
Lite sannsynleg					
Usannsynleg	5M, 5Ø				

Avbøtande risikoreduserande tiltak evt. vidare utgreiing:

Tiltak nr:	Skildding av tiltak og eller utgreiing
1.	Detaljregulering av områda som bla må sikre strandsona og trafikkssikker tilkomst.
2.	Rekkefølgekrav til trafikkssikre forhold for mjuke trafikantar langs hovudveg.
3.	Nybygg har krav til forsvarleg bygging i høve klimautfordringar og brannførebyggjande tiltak
4.	Nybygg har krav til universell utforming

Tilråding:

Positive konsekvensar	Bustader vil gje fleire folk i Utkilen. Området omfattar en klynge med eksisterande bustader og nytt bustadfelt vil vere positivt for dette.
Negative konsekvensar	Påverkar verdifullt landskap og får konsekvens for ålmenn friluftsliv i området. Gjev trong for utbygging av gang og sykkelveg, kan verte dyrt.



Konklusjon:


Området (B02 og B37) er avsatt til noverande og framtidig bustad i gjeldande plan. I planframlegget som var på høyring var arealet noko redusert og endra til LNF med spreidd bustad.

Kommunen er generelt positiv til å leggje til rette for bustadfelt. Utfordringa her er lokaliseringa med lang avstand til tenester og service, dårleg veg, bygging i urørt natur, samt innlemming av strandsona.

Området tilrås avgrensast mot sjøen i aust. Endringa tilrås gjerast som reguleringsplan for å sikre god og trygg tilkomst og god avstand til sjøen.

KU - AREALINNSPEL/TILTAK NR: 123 BUDALEN

Lokalisering:	Budalen	Gnr/Bnr:	147/18	Areal:	9 daa
Noverande arealføremål:	LNF				
Forslag nytt arealføremål:	LNF spreidd bustadbygging Innspeil nr 25				
Områdeskildring: <i>Innspeil om LNF-spreidd Bustad fordi noverande bustad (lenger vest) kjem nær den nye veg.</i>	Kartutsnitt: Gjeldande kommuneplan og faktisk situasjon				
					

Tema:	Verdi:	Påverknad:	Konsekvens:	Tal +/-	Merknad:
Landskap	Middels	Middels	Middels	-1	Naturleg landskap utan bygde tiltak i dag. Synleg frå sjø og svært viktig friluftsområde
Friluftsliv	Liten	Liten	Liten	-1	Inngår i registrert friluftsområde knytt til friluftsliv på sjø i Naturbase.no, men ikkje i kommunen si eigen kartlegging. Ligg synleg frå svært viktig friluftsområde på Ulvøy. Avgrensa areal mellom hovudveg, sjø og utbygde.
Natur mangfald	Liten	Liten	Middels	-1	Ingen registrerte sårbare artar, utvalte naturtypar eller landskap. Bygging i eit område utan bygg eller tiltak i dag.
Landbruk	Liten	Liten	Liten	0	 <p>Registrert som Open skrin fastmark, men er i ei attgroingsfase med nokre tre og kratt.</p>

Helse	Liten	Liten	Liten	0	Ikkje attraktiv for ålmenta pga lite areal og ingen tilrettelegging
Kulturminne og kulturmiljø	Liten	Liten	Liten	0	Ingen registrerte kulturminner eller SEFRAK registrerte bygg i området.
Risiko og sårbarheit	Liten	Liten	Liten	0	Småkupert terreng. Detaljregulering må avklare trygg tilkomst
Miljø og klima		Liten	Liten	0	Ligg nokså skjerma for vind og ver. Trafikkstøy
Born og unge	Liten	Liten	Liten	0	Avgrensa område utan tilrettelegging. Ikkje nytta som leikeområde.
Strandsone	Liten	Liten	Liten	0	Bør ikkje omfatte strandsona. Bygg vil ligge høgt og ikkje privatisere sjø- og strandområda.
Samfunns messige tilhøve	Liten	Liten	Middels	1	Fortetting av eksisterande struktur med bygging på areal mellom eit regulert bustadområde og eit LNF-spreidd Bustad-område.
SUM				-1	

ROS – Analyse:

Tema/Fareområde/analyseobjekt Skildring av uønska hending/fare Konsekvens	Utløysande årsak til hending. Evt. kombinasjon av fleire	Merknad, kommentar Utfyllande opplysningar
1. Brann	Brann i bustadhus eller vegetasjon.	Ca 3 km til brannvesen.
2. Trafikk/tilkomst	Trafikkulukke	Avkjørsle til hovudveg
3. Alvorleg akutt sjukdom	Hjartestopp/slag/fall	Utrykking. Ca 3km til lege og ambulanse
4. Havnivåstigning/Klima	Ekstremvær/vind/havnivå	Ligg forholdsvis skjerma
5. Universell utforming	Småkuppert	Tilkomst og uteareal må planleggjast med UU

Vurdering av risiko som produkt av sannsyn og konsekvens

L	Markering av konsekvensar for liv og helse
M	Markering av konsekvensar for miljø
Ø	Markering av konsekvensar for økonomiske verdiar
D	Markering av konsekvensar for drift

ROS-Matrise

	Ufarleg	Ein viss fare	Farleg	kritisk	Katastrofalt
Svært sannsynleg					
Sannsynleg	1M, 2M	1L, 2L, 2Ø, 3L, 3Ø	1Ø		
Mindre sannsynleg					
Lite sannsynleg		4Ø			
Usannsynleg	1D, 2D, 3D, 4L, 4M, 4D, 5M, 5D	5L, 5Ø			

Avbøtande risikoreduserande tiltak evt. vidare utgreiing:

Tiltak nr:	Skildring av tiltak og eller utgreiing
1.	Nybygg har krav til brannførebyggjande tiltak
2.	Sikker tilkomst må detaljregulerast
3.	Nybygg har krav til forsvarleg bygging i høve klimautfordringar
4.	Nybygg har krav til universell utforming

Tilråding:

Positive konsekvensar	Fortetting av bustadområda i Budalen vil gje fleire høve til å bu i eit attraktivt område.
Negative konsekvensar	Naturleg terreng vil verte nedbygd. Privatiseringa av området vil kunne auke. Synleg frå friluftsområdet på Ulvøy

Konklusjon:


Området er i kommuneplan for 2006 disponert til LNF og grenser til regulert bustadområde og LNF spreidd Bustad. Arealet er i dag utan bygg eller tiltak. Innspelet gjeld LNF spreidd Bustad.

Kommunen ser fortetting av bustader som positivt for lokalsamfunnet. Utfordringa er tilkomst, bygging i urørt terreng og bygging nær strandsona og det viktige friluftsområdet i sjø.

Endringa tilrås ikkje å omfatte strandsona.

Endringa bør gjerast som reguleringsplan for å sikre god og trygg tilkomst og god avstand til strandsona og friluftsområda på sjøen. Tal nye bustader bør ikkje overstige 3.

KU - AREALINNSPEL/TILTAK NR: 124 NJØTA

Lokalisering:	Njøta	Gnr/Bnr:	137/7	Areal:	3,7 daa
Noverande arealføremål:	Hytteområde				
Forslag nytt arealføremål:	LNF				
Områdeskildring:	Innspel nr 28				
Endre frå hytteområde til LNF	Kartutsnitt: Gjeldande kommuneplan og faktisk situasjon				
					

Tema:	Verdi:	Påverknad:	Konsekvens:	Tal +/-	Merknad:
Landskap	Middels	Middels	Middels	+1	Vik med hytter på begge sider. Tilbakeføring til LNF vil gjere at landskapet ikkje vert meir endra.
Friluftsliv	Liten	Middels	Liten	0	Dagens hytter privatiserer vika og tilgang til utmarka frå vika. Stopp i bygging i dalen vil ikkje endre forholda.
Natur mangfald	Liten	Liten	Middels	+1	Ingen registrerte sårbare artar, utvalte naturtypar eller landskap. Grensar til viktig lyngheimråde som no vert betre skjerma.
Landbruk	Liten	Liten	Liten	0	 <p>Open fastmark.</p>
Helse	Liten	Liten	Middels	0	Utmark utan tilrettelegging eller lett tilkomst som truleg er lite nytta. Å ikkje utvide hytteområdet kan betre høve til friluftsliv for ålmenta.

Kulturminne og kulturmiljø	Liten	Liten	Liten	0	Ingen registrerte kulturminner eller SEFRAK registrerte bygg i området.
Risiko og sårbarheit	Liten	Liten	Liten	0	Reduksjon av byggeformål.
Miljø og klima		Liten	Liten	0	Ingen endring
Born og unge	Liten	Liten	Liten	0	Utmark utan tilrettelegging eller lett tilkomst som truleg er lite nytta. Å ikkje utvide hytteområdet kan betre høve til leik for born og unge.
Strandsone	-	-	-	0	Reduksjonen gjeld ikkje strandsona
Samfunns messige tilhøve	Liten	Liten	Liten	0	Grunneigar ynskjer reduksjon i hytteområdet og å satse på gardsdrift.
SUM				2	

ROS – Analyse:

ROS analyse er ikkje relevant for endring frå hytteområde til LNF då LNF ikkje inneberer nokon nye byggetiltak.

Tilråding:

Positive konsekvensar	Stettar grunneigar sine ynskje om å satse på gardsdrift. Natur- og landskapsverdiar vert ivaretekne.
Negative konsekvensar	Ingen


Konklusjon:

Området er i kommuneplan for 2006 disponert til hytteformål inklusiv eksisterande hytter i vika. Innspelet gjeld LNF.


Kommunen ser det som positivt å endre til LNF i samsvar med grunneigar sitt ynskje. Eksisterande hytteeigedommar vert oppretthaldne som hytteformål.

KU – AREALINNSPEL/TILTAK NR: 125 BREIVIK/ÅRÅSVÅGEN

Lokalisering:	Breivik/ Åråsvågen	Gnr/Bnr:	142/172	Areal:	14,4 daa Turistformål, 0,5 daa småbåthamn, 1,7 daa LNF
---------------	-----------------------	----------	---------	--------	--

Noverande arealføremål: Forslag nytt arealføremål: Områdeskildring: <i>Hotell og gjestekai/småbåthamn</i>	Bustad og LNF
	Næring (hotell) og gjestekai/småbåthamn Ikkje innsendt innspel til kommuneplanprosessen, men ei pågåande plansak som krev endring i kommuneplanen.
	Kartutsnitt: Gjeldande kommuneplan og faktisk situasjon
	

Tema:	Verdi:	Påverknad:	Konsekvens:	Tal +/-	Merknad:
Landskap	Middels	Liten	Stor	-1	Naturleg landskap utan tiltak. Vil verte totalt endra, men deler er avsett som byggeformål og det ligg nær byggeområder under utbygging som uansett vil endre landskapet. Bratt terreng gir utfordringar med landskapstilpassing, særleg gjeld dette tilkomsten til sjø. Må vurderast i reguleringsplan.
Friluftsliv	Middels	Liten	Liten	0	Ikkje registrert som friluftsområde. Vil vere synleg frå grøntdrag nordover, men fører ikkje til tiltak i dette grøntdraget. Kan ha verdi som nærområde, men er avgrensa i storleik (som ikkje er avsett til byggeområde i gjeldande KPA) og kupert terreng.
